

# Årsmelding

## Ålfotbreen landskapsvernområde

### 2023



Alf Erik Røyrvik  
Verneområdeforvaltar

## 1. Generelt

Ålfotbreen landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009. Verneområdet er på 226 km<sup>2</sup> og ligg i kommunane Flora, Bremanger og Gloppen. Det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011 og sidan det har verneområdet blitt forvalta gjennom lokal forvaltning.

Ålfotbreen landskapsvernombordet er eit verneområde med krevjande klima og topografi. Store delar av området er vanskeleg tilgjengeleg og det er få bygningar eller andre installasjonar inne i verneområdet. Dette gjer sitt til at saksmengda og aktivitet generelt inne i verneområdet er mindre enn mange andre store verneområde. Samstundes gjev eit sopass urørt område gode sjansar for flotte opplevingar i storslått natur.

Etter kommune- og fylkestingvalet hausten 2019 vart det oppnemnt nytt verneområdestyre for Ålfotbreen. Det nye styret for perioden 2020-2023 vart konstituert 11.mars 2020 og det ser slik ut:

Namn	Funksjon	Representanter	Vararepresentant
Jacob Andre Telvik Nødseth	Styreleiar	Kinn	Anett Berg
Irene Storøy	Nestleiar	Bremanger	Henny M. Hansen
Janne Marie Solheim	Styremedlem	Gloppen	Per Ståle Husevåg
Åsmund Berthelsen	Styremedlem	Vestland	Karianne Torvanger

Styret har hatt fire styremøte i 2023. Eit var i Gloppen, eit var i Rosendal i samband med studietur, eitt var på teams og eit var i Florø. Styret har handsama 22 styresaker og sju referatsaker i møta.

I starten av juni var styret på studietur til Rosendal. Målet med turen var å sjå korleis dei jobbar med besøksforvaltning og reiseliv i tilknyting til Folgefonna nasjonalpark og andre naturkvalitetar i Kvinnherad. Folgefonna er ein nasjonalpark som har mange likskapstrekk med Ålfotbreen landskapsvernombordet, men stort sett i vesentleg større skala.

## 2. Saker

Saksmengda i Ålfotbreen er framleis låg. Det var likevel eit litt spesielt år, då det var to ganske store byggesaker som vart handsama same året. Ingen av sakene var særleg kontroversielle, men det er likevel viktig med grundig handsaming og solide vedtak.

- SFE Produksjon AS fekk fornya sitt fleirårige løyve til helikopterlandinger i samband med Norges vassdrags- og energidirektorat sine bremålingar og tilsyn med kraftanlegg. Dette er eit ganske «stort» løyve med mange landingar. SFE Produksjon er dei som legg til rette for NVE sine bremålingar og som dermed står som søker for denne motorferdsla.

- Flora turlag fekk løyve til å bygge sikringshytte ved Gjegnabu. Gjegnabu ligg aude til i eit vêrhardt og krevjande landskap, og per no har den ikkje noko sikringshytte dersom det skulle hende noko. Flora turlag har planer om å bygge ei hytte til som både skal vere sikringshytte og i tillegg vere med på å auke kapasiteten på Gjegnabu som ved enkelte tilfelle har vore altfor liten. Forvaltar hadde synfaring til Gjegnabu i juli saman med Flora turlag og arkitektane, med tanke på å finne beste plasseringa i terrenget. Vi meinar at vi har funne ei god løysing, både byggteknisk og med tanke på at hytta skal passe inn i landskapet. Hytta skal etter planen byggast i 2024.
- Nestegård media fekk løyve til å filme med drone i Ålfotbreen LVO i samband med produksjon av dokumentarfilm. Løyvet vart gjeve med delegert mynde i dialog med styret.
- SFE Produksjon AS fekk løyve til å rive den gamle bremålingshytta oppunder breen, og sette opp ei ny. Løyvet inkluderer og eit løyve til å gjerne ein gammal container som har fungert som lager. Den nye hytta vert ei funksjonell og solid hytte som er tilpassa landskap og klimatiske tilhøve. Det skal og verte ei viss opning for at årmenta kan bruke hytta når den ikkje er i bruk av SFE eller NVE. Hytta skal etter planen byggast i 2024.
- SFE Produksjon AS fekk løyve til helikopterlandinger i samband med fjerning og uttransport av den containeren som er nemnt over her. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

Verneområdeforvaltar har fått delegert mynde til å fatte vedtak i saker av kurant karakter. Det vil seie saker kor man har forvaltningspraksis eller retningslinjer og støtte seg på, og som ikkje er kontroversielle, prinsipielle eller kompliserte. Delegert mynde sørger for ei effektiv sakshandsaming og mindre byråkrati i dei kurante sakene og dei sakene som hastar. To av sakene i 2023 vart handsama med delegert mynde, men den eine av dei etter dialog med styret.

#### Styret har handsama ein del administrative saker i 2023:

- Søknad om tiltaksmidlar, fordeling og oppfølging av bruken av desse.
- Oppfølging av prosessen med supplerande vern, og muleg endring av verneform til nasjonalpark.
- Revidering av tiltaksplan
- Rullering av rådgjevande utval

### 3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapoversikt.

2023	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadars	Budsjett	Kostnadars	Budsjett	Kostnadars
Drift styre	186 000	171 887	71 000	70 349	115 000	101 538
Planmidlar	100 000	116 060	100 000	116 060	0	0
Tiltaksmidlar	900 000	800 463	600 000	482 064	300 000	318 399
<b>Tot</b>	<b>1 186 000</b>	<b>1 088 410</b>	<b>771 000</b>	<b>668 473</b>	<b>415 000</b>	<b>419 937</b>

Bruken av midlar i 2023 har vore relativt kontrollert. Drifta av styret har gått etter planen med fire styremøte og i tillegg ein studietur til Rosendal. Vi brukte litt mindre til drift enn det som var budsjettet og tildelt.

Forbruket av tiltaksmidlar sprakk litt mot slutten av året, og vi gjekk litt over tildelinga. Dette vart dekka inn av andre verneområdestyre som hadde midlar til overs. Årsaka til budsjettsprekken er at det kom litt ekstra og uventa kostnadars på eit av tiltaka, parkeringsplassen i Grøndalen. Meir om dette i neste kapittel.

## 4. Tiltak / bruk av midlar

Ålfotbreen verneområdestyre søkte om 495.000 i tiltaksmidlar for 2023, fordelt på ni tiltak. Eit av tiltaka, ein animasjonsfilm om bre og klima, vurderte Miljødirektoratet til å vere utanfor postføremålet. Dei andre åtte tiltaka vart godkjende, og verneområdestyret fekk tildelt 300.000 i tiltaksmidlar til fordeling og bruk på dei åtte tiltaka. Vi hadde og sett av nokre midlar frå 2022 til tiltak som skulle gjennomførast i 2023.

Det har vore eit krevjande år å ha god økonomistyring i gjennomføring av tiltak. Ein del tiltak har enten vore rimelegare enn forventa og nokre har ikkje blitt noko av i heile tatt. So har vi hatt særleg eit tiltak som har kosta meir enn forventa.

Det største og dyraste tiltaket har vore parkeringsplass i Grøndalen. Her hadde vi sett av midlar frå 2022, og i utgangspunktet vart det ikkje verken søkt om eller fordelt midlar til tiltaket i 2023. Men arbeidet vart ein del dyrare enn vi hadde forventa. Av omsyn til trafikktryggleik fekk vi ikkje bruke den billegaste plasseringa, og vi måtte køyre til meir masse enn vi først hadde estimert. Avstanden til Grøndalen er lang og transport blir derfor dyrt. Vi fekk og krav frå vegmyndigkeitene om å avgrense avkøyrsla. Den jobben er bestilt og betalt i 2023, men vert utført i 2024.

I vår vart det rydda skog i og langs skogsvegen i Hope i Hyen, som er ein del av ruta til Gjegnabu. Det vart og betalt ut ein mindre sum til Midtre Nordfjord turlag for tilsyn med bru ved Skarvevatnet. Den må gjerast vinterklar kvar haust, og deretter gjerast klar for bruk igjen kvar vår.

Det vart og gjort nokre innkjøp i 2023, som skal monterast eller settast ut i 2024. Det gjeld eit par bålpanner eller faste grillar. Eine skal stå i Grøndalen og den andre i Førdedalen. Det vart og kjøpt inn to informasjonsskilt og noko materiell til stien til Blåbrebu.

Totalt sett vart det brukt noko meir tiltaksmidlar enn vi hadde tildelt. Overforbruket vart dekka inn av underforbruk hos andre verneområdestyre. Tiltaksmidlane vart brukta slik:

Tiltak/prosjekt	Forbruk
Rydde skog langs skogsveg i Hope	20.100
Tilsyn med bru ved Skarvevatnet	6.000
Parkeringsplass i Grøndalen	249.991
Sti til Blåbrebu	2.622
Bålpanne/grill til Førdedalen	19.500
Informasjonsskilt	20.186
<b>Totalt</b>	<b>318.399</b>

## 5. Rådgjevande utval

Rådgjevande utval for Ålfotbrean landskapsvernombordet vart oppretta i 2014. Utvalet har bestått av representantar frå ulike verksemder og organisasjonar, og dessutan ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune.

I 2022 vart utalet evaluert og revidert av styret, før det vart utnemnt på nytt for fire nye år. Utvalet har fungert veldig bra dei siste fire åra, og det var ikkje behov for store endringar. Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane fekk plass i utvalet.

Vi har hatt vanskar med å få oppnemnt grunneigarrepresentant frå Bremanger kommune, dette vert jobba vidare med i 2024.

Rådgjevande utval for Ålfotbrean landskapsvernombordet for perioden 2023 - 2026 vert samansett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Keipen turlag
- Midtre Nordfjord turlag
- Flora turlag
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
- Leidulv Solvang, grunneigarrepresentant Flora
- Grunneigarrepresentant Bremanger
- Ola Jan Birkeland, grunneigarrepresentant Gloppen

Rådgjevande utval hadde møte på Sandane 2.oktober. Der møtte seks representantar frå utvalet. I tillegg møtte tre av medlemmene i verneområdestyret, naturoppsyn og verneområdeforvaltar.

## **6. Administrativt kontaktutval**

I 2021 vart det oppretta eit felles Administrativt kontaktutval for Naustdal-Gjengedal LVO og Ålfotbreen LVO. Utvalet er samansett av administrativt tilsette i dei kommunane og fylkeskommunen som har areal i verneområda. Administrativt kontaktutval hadde kombinert møte og synfaring i Naustedalen 15.juni.

Utvalet er samansett slik:

- Lindis Bergland Østgård – Gloppen kommune
- Torbjørn Brandsæter – Gloppen kommune
- – Kinn kommune
- Bjørn Henry Marthinussen – Bremanger kommune
- Solfrid Trå – Sunnfjord kommune
- Birgit Tansøy – Vestland fylkeskommune

## 7. Forvaltar og forvaltningsknutepunkt

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Røyrvik (busett i Hyen). Han vart tilsett 1.oktober 2011 og har vore i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Forvaltningsknutepunkt Sandane, som ligg i Kraftbygget i Sandane sentrum (Sørstrandsvegen 9, andre etasje).

Naturopsyn for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen er Rune Holen. Naturopsynet er viktige og nyttige samarbeidspartar i forvaltninga, i handsaming av saker og særleg i planlegging, oppfølging og gjennomføring av tiltak. Samarbeidet med SNO er særskilt godt! I tillegg til Rune vert det leigd inn andre ressursar ved behov.

Forvaltningsknutepunktet på Sandane har i 2023 vore kontorlass for verneområdeforvaltaren, Statens naturopsyn og for nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge i Jostedalsbreen. Vi har eit særskilt godt og triveleg miljø der, både fagleg og sosialt.

Forvaltaren er tilsett hjå Statsforvaltaren i Vestland, i Naturmangfaldseksjonen – Miljøavdelinga. Statsforvaltaren har ingen fagleg styring over forvaltar og sakshandsaming, men forvaltar er administrativt underlagt Statsforvaltaren. Statsforvaltaren har ei rolle i oppfølging av forvaltar og eit visst ansvar for arbeidsmiljøet. Forvaltar er dessutan del av eit særskilt godt fagmiljø hjå Statsforvaltaren.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på:

- Ulike faglege webinar i regi av Miljødirektoratet
- Ulike villreinfaglege seminar i tilknyting til andre oppgåver hos Statsforvaltaren

Foredrag

- Foredrag for friluftslivstudentar ved Høgskulen i Volda, 13.februar
- Fleire foredrag om villrein i tilknyting til andre oppgåver hos Statsforvaltaren

Møteverksemnd

- Avdelingsmøter, samlingar og andre interne møter hjå Statsforvaltaren.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Statsforvaltaren i Vestland
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.

I tillegg til arbeidsoppgåvene som ligg til stillinga som verneområdeforvaltar, utfører forvaltaren ein del oppgåver for Statsforvaltaren, særleg innan forvaltninga av villrein.

Verneområdeforvaltaren og naturopsyn har vore på nokre synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

## 8. Bilete frå 2023



**Bilete 1.** Førdedalen. Frodig dal som skjærer seg gjennom eit unikt landskap.



**Bilete 2.** Gapahuken som vart sett opp i Førdedalen i 2022. Denne er mykje i bruk, særleg av besøkande som driv med buldring på dei mange kampesteinane i Førdedalen.



**Bilete 3.** Ålfotbreen verneområdestyre og forvaltar på studietur til Rosendal i juni. Her framfor Hattebergsfossen.



**Bilete 4.** På studieturen besøkte vi Bondhusdalen, eit særskilt mykje besøkt turmål for tilreisande.



**Bilete 5.** Stien til Blåbrebu går mellom anna gjennom den frodige dalbotnen og elveslettene ved Grøndalsstøylen.



**Bilete 6.** Hengebrua over elva ved Grøndalsstøylen. Her er det behov for opprusting om stien skal ha den standarden vi vil at den skal ha.



**Bilete 7.** Frå Vesle Åskoravatn. Som ikkje er der lenger. Når elva går i tunnel og til kraftverket forsvinn vatnet gjennom ura. Her kan man no studere korleis det sannsynlegvis ser ut under vatn i andre vatn. Stien som går vidare mot Ålfotbreen går gjennom ura og forbi høgspentmastene midt i biletet.



**Bilete 8.** Synfaring på tomta der sikringshytta til Gjegnabu skal byggast.



**Bilete 9.** Administrativt kontaktutval på tur til Nesstølen i Naustdal



**Bilete 10.** Den opprusta og utvida parkeringsplassen i Grøndalen. Vi har fått krav om å avgrensa avkjørsla frå fylkesvegen. Dett skal gjerast i 2024.